



Bjerkreim kommune
Levekårsavdelinga
Legekontoret

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår saksbehandler:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Knut Vassbø	200601799-/TIK	08/6861	FA-G06, TI-&00	29.10.2008	03.11.2008
Telefon: 51 20 11 50					
E-post: knut.vassbo@bjerkreim.kommune.no					

Høring - Forslag til endringer i apotekloven og apotekforskriften

Viser til utsend høringsforslag til apoteklov og apotekforskrift.
Bjerkreim kommune har to merknader:

- **det er ønskeleg at ansvar for omfang av lagerføring av medisinar vert klargjort** ordentleg. I lovframlegget framgår det at Departementet kan gi nærare forskrifter om lagerføring av medisinar. I arbeidet med smittevern og beredskap i kommunane er det viktig å vita kva slags føringar Departementet legg på lagerføring. Vil det koma nærare forskrift om dette seinare, eller føreligg det krav til "beredskapslager" pr i dag?
- krava til effektiv og nøyaktig kommunikasjon i helsevesenet vert stadig større. Elektronisk kommunikasjon er no standard i primærhelsetenesta. Det har tidlegare frå statleg hald vore på tale å yta eit visst press for at behandlarar i helsetenesta skal kunna kommunisera elektronisk, t.d. med NAV. **Ei ny apoteklov og -forskrift bør leggja klare føringar i retning av elektronisk kommunikasjon.**

Med helsing

Knut Vassbø
Kommuneoverlege
Bjerkreim Kommune